

# Vedtekter for foreninga "Kulturlaget Seland"

Med endring den 26/1-2017 og 25/6-2017

## § 1 Navn

Navn på laget er: \_\_\_\_\_ Kulturlaget Seland \_\_\_\_\_ stifta 16. oktober 2016

## § 2 Formål

Kulturlaget Seland skal arbeida for å ta vare på historie og anna immateriell kulturarv knytt til gard nr. 90 bruk nr. 4 på Seland i Flekkefjord kommune.

## § 3 Juridisk person

Foreninga er sjølveigande og ein frittstående juridisk person med upersonleg og begrensa ansvar for gjeld.

## § 4 Medlemmer

Alle som ønskjer å arbeida for føremålet til foreninga kan bli medlem. Medlemskap i foreninga er først gyldig og skal reknast frå den dag kontingent er betalt.

## § 5 Stemmerett og valg

Alle medlemmer har stemmerett og er valgbare til tillitsverv i foreninga.

## § 6 Kontingent

Kontingenten blir fastsett av årsmøtet og betalt forskottsvis.

## § 7 Tillitsvalgtes godtgjørelse

Tillitsvalde skal ikkje motta honorar for verva sine.

## § 8 Årsmøte

Årsmøte skal haldast kvart år innan utgangen av juni og er lagets høgaste myndighet. Årsmøtet blir innkalla av styret med minst 1 månads varsel, direkte til medlemmene. Forslag som skal behandlast på årsmøtet skal vera send til styret seinest to veker før årsmøtet. Ferdig saksliste må vera tilgjengeleg for medlemmene seinast ei veke før årsmøtet.

Alle medlemmer kan møta på årsmøtet

Årsmøtet er vedtaksført med det tal stemmeføre medlemmer som møter. Ingen har meir enn ein stemme.

Møteleiar blir valt av årsmøtet.

Årsmøtet kan bare behandla forslag om vedtektsendring som er oppført på sakslista seinast 1 veke før årsmøtet. Årsmøtet kan ikkje behandla forslag som ikke er oppført på sakslista.

## § 9 Stemmegjeving på årsmøtet

Med mindre anna er bestemt, skal eit gyldig vedtak vera avgjort med alminneleg fleirtall av avgitte stemmer. Vedtektsendring krev 2/3 fleirtal. Blanke stemmer er ikkje teljande.

Valg skal vera skriftlig viss det ligg føre meir enn eitt forslag. Bare føreslegne kandidatar kan førast opp på stemmeseddelen.

## **§ 10 Årsmøtet sine oppgaver**

Årsmøtet skal:

1. Behandla årsmelding
2. Behandla rekneskap i revidert stand
3. Behandla innkomne forslag
4. Fastsetta kontingent
5. Velja:
  - a) Leiar og nestleiar
  - b) Styremedlemmer
  - c) Revisor

## **§ 11 Ekstraordinære årsmøter**

Ekstraordinære årsmøter kan haldast når styret bestemmer det, eller minst 1/3 av medlemmene krev det.

Det blir innkalla på samme måte som for ordinære årsmøter, med minst 14 dagers varsel.

Ekstraordinært årsmøte kan bare behandla og ta avgjerd i dei sakene som er kunngjort i innkallinga.

## **§ 12 Styret**

Foreninga blir leia av eit styre på 5 medlemmer. Styret er høgaste myndighet mellom årsmøta.

Styret skal:

1. Setta ut i livet årsmøtevedtak.
2. Administrera og føra nødvendig kontroll med økonomien i foreninga i samsvar med gjeldande instruksar og bestemmelsar.
3. Representera foreninga utad.
4. Styret skal halda møte når leiaren eller eit flertall av styremedlemmene ber om det.

Styret kan fatta vedtak når eit fleirtal av styremedlemmene er til stades.

Foreninga blir teikna av styreleiar aleine.

## **§ 13 Vedtektsendring <sup>1</sup>**

Endringer i disse vedtektene kan bare gjerast på ordinært eller ekstraordinært årsmøte med 2/3 fleirtall av dei avgitte stemmene.

## **§ 14 Oppløysning, samanslutning og deling**

Oppløysning av foreninga kan bare behandlast på ordinært årsmøte og krev 2/3 fleirtal.

Foreninga si eiga skal etter oppløysing og dekking av gjeld gå til oppgaver som er i samsvar med føremålet til foreninga.

Ingen medlemmer har krav på foreninga sine midlar eller andel av desse.

---